

Kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar

Ullensvang er ein kommune i Hardanger som har om lag 11 000 innbyggjarar og med Odda som kommunesenter.

Det er 2,5 timar til Bergen og 2 timar til Haugesund. I nær tilknyting ligg flotte fjell og turområde til Trolltunga og Dronningstien, med Røldal som ein stor vintersportsstad og Jondal med sommarskisenteret på Folgefonna.

Kommunen har eit rikt kulturliv og kyrkja har eit godt samarbeid med andre aktørar i nærområdet.

I Ullensvang kyrkjelege fellesråd har me 8 sokn og kyrkjer, 8 gravplassar, eit gravkapell og eit krematorium. I fellesrådet har me i tillegg til kontortilsette også kyrkjetenarar, kyrkjegardsarbeidar, organistar og kantorar, trusopplærar og diakon. Me har også fleire prestar saman med oss i staben.

KYRKJETENAR OG GRAVPLASSARBEIDAR 80 % FAST STILLING

Me har ledig stilling som kyrkjetenar (35 %) og gravplassarbeidar (45%) i til saman 80 % stilling ved Jondal og Herand kyrkjegard og Jondal kyrkje.

Ein kan søkja på både stillingar eller på berre delar av stillingane. Det kan også vera aktuelt å utvida stillinga med ledige stillingsprosentar i andre sokn i kommunen.

Arbeidsoppgåver

- Planlegga og leggja til rette for gudstenester, andre kyrkjelege handlingar og andre arrangement i kyrkja.
- Ha ansvar for tilsyn, reinhald og lettare vedlikehald av kyrkja, tilhøyrande bygningar og inventar og tekniske anlegg som høyre til desse.
- Ha ansvar for stell og vedlikehald av kyrkjegard og stell av graver for festarar som fellesrådet har stell-avtale med, inkludert vintervedlikehald med snømoking og strøing.
- Føra tilsyn med gravplass og graver, og vera med og ta ansvar for at vedtektene for gravplass vert fylgt av festarar og andre.
- Melda inn statistikk over kyrkjelege handlingar og andre tilstellingar i kyrkja, og føra gravprotokoll og kart over kyrkjegard.

Kvalifikasjonar

- Relevant utdanning og/eller erfaring frå praktisk arbeid.

- Ha maskinkunnskap og kunnskap om drift av park/grøntareal.
- Praktisk kunnskap om dagleg vedlikehald og drift av bygningar.
- Krav om medlemsskap i Den norske kyrkja.

Personlege eigenskapar

- Sørvisinnstilt og gode samarbeidsevner.
- Kunna jobbe sjølvstendig, strukturert og målretta
- Interesse og engasjement for kyrkja sitt arbeid.

Me kan tilby

- Løn i samsvar med Den norske kyrkja sitt avtaleverk.
- Gode forsikringsvilkår og pensjonsordning i KLP.
- Eit godt miljø og samarbeid med andre motiverte kyrkjelege tilsette.
- Stor påverknad på eigen arbeidskvardag

Anna

- Arbeidsstad for tida er Jondal sokn.
- Ein må ha førarkort og disponera eigen bil.
- Ein må rekna på noko kvelds- og helgearbeid.

Spørsmål om stillinga kan rettast til kyrkjevevjer Oddbjørn Vestbøstad, mobil 92 33 29 05, e-post oddbjorn.vestbostad@ullensvang.kyrkjer.no.

Søknadsfrist 11. juni.